

Norwegian Unix User Group

Agenda styremøte 2007-09-24, 18:00 - 19:30, UiO/USIT

Styremedlemmer: Petter Reinholdtsen, Ole Kristian Lien, Håvard Fosseng
Jon Petter Bjerke (skype), Peter N. M. Hansteen (skype/POTS)
Varamedlemmer: Gaute Nessan
Forfall: Runar Ingebrigtsen

2007-64 Godkjenning av referat

Referatet er automatisk godkjent.

Signeringsrunden: Jon Petter -> Peter -> Håvard -> styremøte
RT-ticket til Jon Petter om å signere og poste skal leggest ut når referatet vert lagt ut.

2007-65 Opptak og endringar av medlemmer

Vi har ein backlog av innmeldingar.

Styret godkjenner de nye medlemmene og tar utmeldingane til etterretning.

2007-66 LINUXmagasinet legger ned bladet

Vi skal ha fått pengane tilbake på konto. Upraktisk å slå av på kontingenten til dei medlemmene som har uteståande nummer på abonnementa sine. Ole Kristian skal spore opp abonnentane og spørje dei kva dei vil skal gjerast. Ettersom det er tale om små beløp og (relativt sett) høge transaksjonskostnader vil vi berre gjere tilbakebetaling til dei som eksplisitt seier at dei vil ha det slik.

2007-67 Standardarbeide / OOXML-saka

NUUG Foundation er melde inn i SN/K-185. Noreg og ISO har i første omgang sagt nei til OOXML som ISO-standard, men saka kjem opp att i februar.

Standard Noreg har planar om å gjenopprette standardkomiteen for OS og programmeringsspråk (K 180)

2007-68 Endring i posthandtering frå City Self-Storage

Fakturaer frå City Self-Storage skal no gå rett til NUUG-leiaren.

2007-69 Nye medlemskategoriar (utan USENIX) frå nyttår

Jon Petter og Gaute får på plass det som trengst for å handtere nye medlemskategoriar, og skal handtere backlogen. Oppdatering av registeret og fakturering bør vere to forskjellige hendingar, der siste på sikt vert automatisk triggja av den første.

2007-70 Ny fast postadresse

Dette er oppfølgar av sak 2007-61 om nye sekretariattjenester.

Jon Petter spør om lageret (City Self Storage) kan skaffe oss postboks, i første omgang for eit år. Ole Kristian skal i så fall hente ting der. Han skal òg gå gjennom sekretariatloggen i RT og kontakte avsendarane om ny postadresse for NUUG.

2007-71 Prisen for fri programvare


Styret si godkjenning av juryen sitt vedtak må gjerast per e-post. Dei

som ikkje svarar fort vert oppringte.


2007-72 Eventuelt

SLX Debian Labs får bruke vår RT. Petter implementerer.


Ole Kristian tek jobben med å hente postliste frå RT. (Håvard lagar RT-sak på det.)




Petter Reinholdtsen




Peter N. M. Hansteen



Jon Petter Bjerke



Håvard Fosseng



Ole Kristian Lien